

Eksamen

29.11.2010

SAM3035 Økonomi og leing / Økonomi og ledelse

Nynorsk

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid:	5 timar
Hjelpemiddel:	Alle hjelpemiddel er tillatne. Unntak er Internett og andre verktøy som tillèt kommunikasjon.
Bruk av kjelder:	<p>Kjelder er tekstar som er tilgjengelege for andre, dvs. publiserte tekstar. Dersom det er aktuelt for deg å bruke kjelder i svaret ditt – anten fordi oppgåva krev det, eller fordi du vel å bruke kjelder – må desse førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det vesentlege er at alle kjelder som blir brukte til eksamen, skal førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg:	Ingen
Informasjon om oppgåva:	Du skal løyse alle oppgåvene.

Oppgåver

Oppgåve 1 – Marknadstilpassing av fritidssko

HIKE AS har funne følgjande samanheng mellom salspris og mengd for fritidsskoen Spike:

Mengd	Salspris
100	2 500
200	2 300
300	2 100
400	1 900
500	1 700
600	1 500
700	1 300
800	1 100

Innkjøpsprisen er kr 800. Dei faste kostnadene vil utgjere kr 250 000. Alle dei faste kostnadene er driftsuavhengige.

- Bestem optimal marknadstilpassing, og rekn ut resultatet.
- Vis og forklar aktuelle skjæringspunkt i eit einingsdiagram.
- Rekn ut og kommenter priselastisiteten til fritidsskoen Spike.
- Bedrifta har fått førespurnad om å levere 125 par Spike til den islandske kjeda Risa for kr 900 per par.
- Gjer nødvendige berekningar, og gi leiinga råd i denne saka.

Oppgåve 2 – Investering, kapitalbehov og finansiering

HIKE AS har høve til å opne ein ny butikk på Lillehammer. Investering i lokalet og anna utstyr vil komme opp i ein sum på kr 880 000. Faste kostnader er berekna til kr 900 000 per år. Bedrifta reknar med at butikken vil gi ei omsetning på kr 3 300 000 per år. Ut frå tidlegare erfaring blir avansen berekna til 60 %. Ein går ut frå at den gjennomsnittlege lagringstida vil vere 120 dagar. Bedrifta reknar med at 90 % av salet kjem til å vere kontant. Kredittida til kundane vil vere 20 dagar i gjennomsnitt.

Bedrifta har fått tilbod frå banken om eit langsiktig lån på kr 600 000 til 6,5 % rente og eit kassekredittlån på kr 500 000 til 13 % effektiv rente. Vareleverandørane tilbyr per 30 dagar netto eller per kontant – 2 %. Bedrifta trur ikkje dei klarer å hente inn meir enn kr 400 000 i eigenkapital.

- Berekne kapitalbehovet for butikken.
- Vel og grunngi kalkulasjonsrente, og gjer ein investeringsanalyse. Analysen skal innehalde ei vurdering av risiko. Ein ventar at levetida til prosjektet blir 5 år.

- c) Utarbeid eit grunnleggjande forslag til finansiering.

Oppgåve 3 – Dekningspunktanalyse

HIKE AS sel ein ny type heil skidress. Skidressen blir seld for kr 2 500 inkl. mva. Innkjøpsprisen er kr 1 350 ekskl. mva., og direkte kostnader utgjer kr 50 ekskl. mva. per dress. HIKE AS har budsjettert med eit sal på 500 einingar per år. Dei faste kostnadene er berekna til ca. kr 250 000 per år.

- a) Gjer ein dekningspunktanalyse, og gjer nødvendige avmerkingar i eit diagram.
- b) Gjer ein følsemdsanalyse, og vurder kritiske verdiar.

Oppgåve 4 – Personalarbeid og kompetanseutvikling

HIKE AS har i alle år vore sterkt oppteken av kompetanseutvikling.

- a) Beskriv kva fordelar ei slik satsing kan ha for HIKE AS og for den enkelte tilsette.

Bokmål

Eksamensinformasjon	
Eksamenstid:	5 timer
Hjelpemidler:	Alle hjelpemidler er tillatt. Unntak er Internett og andre verktøy som tillater kommunikasjon.
Bruk av kilder:	<p>Kilder er tekster som er tilgjengelige for andre, dvs. publiserte tekster. Dersom det er aktuelt for deg å bruke kilder i din besvarelse – enten fordi oppgaven krever det, eller fordi du velger å bruke kilder – må disse oppgis på en etterrettelig måte. Det finnes ulike måter å oppgi kilder på. Det vesentlige er at alle kilder som blir brukt til eksamen, skal oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annen litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat fra nettsider, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg:	Ingen
Informasjon om oppgaven:	Alle oppgavene skal løses.

Oppgaver

Oppgave 1 – Markedstilpasning av fritidssko

HIKE AS har funnet følgende sammenheng mellom salgspris og mengde for fritidsskoen Spike:

Mengde	Salgspris
100	2 500
200	2 300
300	2 100
400	1 900
500	1 700
600	1 500
700	1 300
800	1 100

Innkjøpspris er kr 800. De faste kostnadene antas å utgjøre kr 250 000. Alle de faste kostnadene er driftsuavhengige.

- Bestem optimal markedstilpasning, og beregn resultatet.
- Vis og forklar aktuelle skjæringspunkter i et enhetsdiagram.
- Beregn og kommenter priselastisiteten til fritidsskoen Spike.
- Bedriften har fått forespørsel om å levere 125 par Spike til den islandske kjeden Risa for kr 900 per par.
- Foreta nødvendige beregninger, og gi ledelsen råd i denne saken.

Oppgave 2 – Investering, kapitalbehov og finansiering

HIKE AS har mulighet til å åpne en ny butikk på Lillehammer. Investering i lokalet og annet utstyr vil beløpe seg til kr 880 000. Faste kostnader er beregnet til kr 900 000 per år. Bedriften regner med at butikken vil gi en omsetning på kr 3 300 000 per år. Ut fra tidligere erfaring blir avansen beregnet til 60 %. Gjennomsnittlig lagringstid antas å bli 120 dager. Bedriften regner med at 90 % av salget vil være kontant. Kredittiden til kundene vil være 20 dager i gjennomsnitt.

Bedriften har fått tilbud fra banken om et langsiktig lån på kr 600 000 til 6,5 % rente og et kassekredittlån på kr 500 000 til 13 % effektiv rente. Vareleverandørene tilbyr per 30 dager netto eller per kontant – 2 %. Bedriften tror ikke de klarer å hente inn mer enn kr 400 000 i egenkapital.

- Beregn kapitalbehovet for butikken.
- Velg og begrunn kalkulasjonsrente, og foreta en investeringsanalyse. Analysen skal inneholde en vurdering av risiko. Prosjektets levetid forventes å bli 5 år.

- c) Utarbeid et begrunnet forslag til finansiering.

Oppgave 3 – Dekningspunktanalyse

HIKE AS selger en ny type hel skidress. Skidressen selges for kr 2 500 inkl. mva. Innkjøpsprisen er kr 1 350 ekskl. mva., og direkte kostnader utgjør kr 50 ekskl. mva. per dress. HIKE AS har budsjettet med et salg på 500 enheter per år. De faste kostnadene er beregnet til ca. kr 250 000 per år.

- a) Foreta en dekningspunktanalyse, og gjør nødvendige avmerkinger i et diagram.
- b) Foreta en følsomhetsanalyse, og vurder kritiske verdier.

Oppgave 4 – Personalarbeid og kompetanseutvikling

HIKE AS har i alle år vært sterkt opptatt av kompetanseutvikling.

- a) Beskriv hvilke fordeler en slik satsing kan ha for HIKE AS og for den enkelte ansatte.

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no